



Didrik Håland Solberg
Radøyvegen 3065
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4792 - 22/83149

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
01.11.2022

Søknad om frådelling av tomt - gbnr 415/8 Nordanger

Syner til avslag i vedtak etter jordlova §12 for frådelling av tomt rundt eksisterande våningshus, saknr: 1144/22 datert 17.10.2022.

For at ny grunneigedom kan opprettast frå landbrukseigedom sett av til LNF formål i kommunedelplan må det gjevast løyve til deling etter jordlova og etter plan- og bygningslova. I tillegg må det liggja føre vedtak om dispensasjon frå arealformålet etter plan- og bygningslova.

I denne saka er det gjeve avslag etter jordlova. Spørsmålet er då om ein ønskjer at saka skal handsamast etter plan- og bygningslova eller om ønskjer å trekke søknaden før handsaming startar. Alternativt kan ein be om utsetting av handsaming etter plan- og bygningslova til eventuell klage på vedtak etter jordlova er avgjort.

Kommunen ber om tilbakemelding på korleis ein ønskjer å ta saka vidare innan 14.11.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Didrik Håland Solberg

Radøyvegen 3065

5939

SLETTA